



## I TRU HÅP & KJÆRLEIK

NEDSTRAND KYRKJE 150 ÅR

15. juli 1868

blei den nye kyrkja på Hinderåvåg vigsla.

I 150 år har den ligge kvit og høgreste ved hovudvegen, og vore rom for både glede og sorg.

I år skal me feire det flotte kyrkjebygget vårt, og samstundes utfordre kvarandre på kva som gjer kyrkja viktig for lokalsamfunnet vårt i dag.

Altertavla som står i kyrkja er spesiell. Den er laga i 1611, og har pryda tre kyrkjer på Nedstrand. Altertavla ber namnet Tru, håp og kjærleik.

Det same står inngravert i dei nye kyrkjeklokkene som heng i tårnet. Tre ord frå Korintarbrevet, fylte med både innhald og utfordring. Tre sentrale omgrep i den kristne trua.

Difor er "I tru, håp og kjærleik" tema for feiringa av Nedstrand kyrkje sitt 150-årsjubileum.

## PROGRAM

Des  
31  
2017  
KI 23.15

### Midnattsmesse

Vi vil gå inn i jubileumsåret med lovsang, bønn og ettertanke. Nedstrand Kyrkje står midt i bygda. Som Jesu kyrkje har vi blitt kalla til å dele tru, håp og kjærleik i kvardagen. Gjennom året vil vi bli inspirert av dei som har vore ein del av dette arbeidet gjennom 150 år, og bli inspirert til vidare innsats.

Feb  
10  
KI 20.00

### Konsert med SKRUK

Koret som har utgangspunkt i Sunnmøre med korsangerar frå heile landet, har gjennom 45 år gitt ut over 25 plater og gleda forsamlingar i inn og utland med smykker frå bedehuset, spirituals, gammal og ny kyrkjemusikk og samarbeid med artistar frå ulike land og kulturar. Til Nedstrand kjem dei med eit variert program med berre kor, og med dirigent per Oddvar «Prots» Hildre i spissen.

Feb  
19  
KI 19.30

### Kven er min neste

Temakveld med generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp. Same dagen blir konfirmantane som skal vere med på fasteaksjonen invitert til eit eige møte med Anne-Marie Helland kl 18.

Mars  
29  
KI 20.00

### Pasjon

Dette blir ei musikkandakt der Jesu lidingshistorie blir formidla gjennom orgelmusikk og sang. Det blir ei stund for ettertanke og ro, og musikk sett saman og formidla av organisten vår, Stein Johannes Kolnes.

April  
13  
KI 20.00

### Møte med Ivar Skippervold

Denne kvelden inviterer vi til eit nært møte med forfattar, formidlar og prest Ivar Skippervold. Ivar har ei spennande «reise» frå oppvekst i Brødremenighet- en i Oslo, gjennom TenSing og Jesusvekkelse til å bli musikkskulerektor og bibelspel-forfattar. Han har også vore prest i Den Norske Kyrkja, og har engasjert seg i viktige samfunnsspørsmål, mellom anna gjennom boka «Tro møter Tro». Det blir visesang og samtale.

April  
14  
KI -

### Barnefest for kyrkja vår

Dette er dagen der dei yngre medlemmane i kyrkje-lyden vår skal stå i sentrum saman med «jubilanten» Nedstrand Kyrkje. Det blir besøk frå Haugesund Soul Children og Ivar Skippervold. Det betyr trylling og bra musikk, og så skal det feirast med Kake for Kyrkja!

Mai  
20  
KI 11.00

### Festgudsteneste med biskop Ivar Braut

Dette blir hovudfeiringa av kyrkjebileet. Sjølv om kyrkja blei innvia 15. juli 1868, synes vi det er rett å legge hovudfeiringa til Pinsedagen, kyrkja sin fødselsdag. På same måten som ved 125-års jubileet, inviterer vi alle til å kle seg slik vi kunne tenkje oss folk kom til kyrkja den gongen, og til å kome til kyrkja på same måten: til fots, med hest eller roande. Det blir kyrkje- bakke med kunngjeringar, og folk blir oppfordra til å ta med niste og pledd.

Mai  
20  
KI 18.00

### Pinsekonsert

Hovudfeiringa blir avslutta med konsert. Kven vi får oppleve denne dagen, er ikkje klart enno.

Juni  
03  
KI 18.00

### Amateur gjør Sigvart Dagsland

Sigvart Dagsland er godt kjent i Nedstrand, det er berre eit par år sidan han hadde konsert i kyrkja sist. Men denne gongen er det vokalgruppa Amateur som har laga eit flott program med Dagsland-singar. Vi har lagt konserten til sein ettermiddag for at den skal passe for haugalendingar som vil på Himakånå først.

Sep  
23  
KI 19.00

### Røtter – konsert med Solveig Leithaug og Howdy

Denne kvelden skal vi sjå vestover og ta med oss inspirasjon frå Country Gospel og amerikansk visetradisjon saman med det lokale bandet Howdy med Oddvar Helgeland (også kjend frå Okersol) i spissen. Og så har vi henta Solveig Leithaug «over dammen» til Nedstrand. Likande musikk innan for lett country, vise og jazz, og klar Jesus-profil er kjennemerke for Solveig.

Okt  
28  
KI 19.30

### «Meir verdt enn sine dårlege gjerningar»

Møte med Odd-Cato Kristiansen. Odd-Cato Kristiansen har bak seg 16 års teneste som gateprest i Kirkens Bymisjon og 20 år som fengselsprest på Ila. Han har deltatt både i Brennpunkt, hos Brenner og som gjest hos Lindmo for å snakke om dei som ikkje finn sin plass i samfunnet – og om menne- skeverd.

Nov  
7-11

### bLEST-festival med lansering av jubileumsboka for Nedstrand Kyrkje

Tid og program kjem etterkvart.

Nov  
25  
KI 19.30

### På orgelgalleriet

Denne kvelden skal vi bli betre kjend med orgelet vårt, ein av dei viktigaste delane av kyrkja. Organist Stein Johannes Kolnes er vert på arbeidsplassen sin, vi skal få forklart korleis orgelet verkar, få sjå inn i orgelet og få setje oss godt til rette i kyrkja og høyre han bruke det flotte instrumentet.

Des  
16  
KI 19.30

### Julekonsert

Tradisjonell julekonsert med gjesteartist, julekor, lokale solistar og godt band.



Følg med på Facebook-sida og heimesida til Nedstrand Kyrkjelyd, det kan bli endringar på tidspunkt. Det blir også lagt ut billetter for enkelte arrangement, då er det lurt å vere ute i god tid. Vel møtt!

Ta gjerne midtsida ut av bladet, så har du ein flott plakate for jubileumsåret 2018!

Logo/foto : Janne Eide

